



## Smitteutviklinga i Alver

Rapport for perioden 6.-14. desember

### Smittetal

Frå måndag 6. til tysdag 14. desember har **289 personar** har fått påvist koronavirus (med PCR-test) i Alver kommune.

### Aldersfordeling

Over 100 av dei som har fått påvist koronavirus er under 18 år.

Elles er aldersfordelinga for tilfella i perioden 6.-14 desember slik:

- Under 12 år: 26 %
- 12–15 år: 11 %
- 16-17 år: 3 %
- 18-44 år: 35 %
- 45-64 år: 20 %
- 65-69: 5 %
- 70-79: 2 %
- 80 +: 0 %

### Smitteveg

Hovudarenaen for smitte er framleis eigen husstand. Litt under halvparten av dei som har fått påvist koronavirus i Alver den siste tida er smitta av ein dei bur ilag med.

Den andre hovudkategorien er «ukjent smitteveg». Dette betyr at personar som ikkje veit at dei er smittsame, smittar andre dei er i kontakt med.

Utover dette ser vi at ein del er nærkontaktar til ein som har fått påvist koronavirus i klassen, på barnehagen eller på jobb.

Enkelte blir også smitta på fritidsaktivitetar.

### Utviklingstrekk

Smittetala i Alver har auka kraftig dei siste tre vekene:

- Veke 47: 51 positive PCR-prøvar
- Veke 48: 78 positive PCR-prøvar
- Veke 49: 194 positive PCR-prøvar



**ALVER**  
KOMMUNE

Vi ventar at tala vil stige ytterlegare, men håpar at god etterleving av dei nye reglane kan bidra til å bremse utviklinga.

Erfaring tilseier at dei nye nasjonale krava til karantene, munnbind, avstand og mindre sosial kontakt vil bidra til å redusere smitten.